

Sprek Englafjellstur i høljregnet.

08.08.2017



Turfølgjet ved varden på Englafjell.

Kvinnherad turlag hadde gode bidrag til Festidalen-programmet. Fredag hadde dei tur til Geitadalstind og laurdag var det kajakkurs og tur til Englafjell. Dei to første aktivitetane har vi skrive om tidlegare, men trass i regn og usikre vermeldingar vart også turen til Englafjell avvikla, og dei nådde toppen 1200 moh.



På tur opp gjennom granskogen.

På grunn av veret var det nokre av dei påmelde som valde å kutta ut turen. Til saman vart det 6 turladde som møtte opp ved turstart ved Elins Matgleider. Før det hadde nokre, deriblant dei to turleiarane Marta Sofie og Mari Teigen Varanes, hatt ein god festivalfrukost på Oska. Då eg snakka med dei under frukosten, var dei sikre på at det vart tur, men dei var meir tvilande til om dei ville nå til topps. Dei ville sjå veret an.

Trass i mykje både av regn og tåke, kom dei til topps, og dei kunne rapportera om god stemning, men heller därleg med utsikt frå fjellet som stadig fleire fjellvandrarar, både tilreisande og fastbuande, hevdar er det flottaste utsiktpunktet i Kvinnherad.



Koseleg, og ei vakker sprekk i tåkeflaket.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Mari Teigen Varanes